



## Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Monika Soltveit Gabrielli  
Vår referanse: 15/2289 - 5 / FA - U63  
Dato: 08.01.2016

### Emne: Meldingssak - brot på alkohollova

Radøy kommune har saman med samarbeidskommunar i Nordhordland og Gulen tilsett skjenkekонтrollørar som fører tilsyn med sals- og skjenkeløyvene som vert tildelt i kommunane. Kontrollfunksjonen er nemnt spesielt i Radøy kommune sin ruspolitiske handlingsplan kap.4.3.5, 2. ledd:

*«Det skal førast kontroll med alkoholomsetjinga i Radøy kommune. Kvar sals- og skjenkestad skal kontrollerast minst to gonger kvart år, og det skal utførast minst tre ganger så mange kontrollar som det finst sals- og skjenkestader, jf. forskrift § 9-7. Kontroll av sals- og skjenkestader skal gjerast av engasjert kontrollør. Radøy kommune tek her del i den interkommunale ordninga for Nordhordlandsommunane. Kontrollørane utarbeider skriftleg rapport om kontrollbesøka. Det er ynskjeleg med ein samla årsrapport frå kontrollør».*

Formannskapet er kommunen sitt kontrollorgan, og dette er slått fast i same plan og same kap. 1. ledd:

*«Formannskapet er Radøy kommune sitt kontrollutval etter alkohollova § 1-9. Funksjonstida følgjer kommunestyreperioden. Som kontrollutval har formannskapet ansvar for kontrollen med kommunalt skjenkeløyve, salsløyve for øl og skjenkeløyve gjeve av departementet etter alkohollova § 1-9. Formannskapet skal gje uttale i samband med inndragning av løyve».*

Rammer for kontrollfunksjonen til kommunen er nedteikna i **Forskrift om omsetjing av alkohollaldig drikk mv. (Alkoholforskrifta)** i kap. 9. Kontroll med sals- og skjenkeløyver (nedanfor ser dei dei relavante punkta):

**§ 9-4.** Kontrollen skal særlig omfatte salgs- og skjenketidene, aldersgrensebestemmelsene, og at det ikke selges eller skjenkes til personer som er åpenbart påvirket av rusmidler. Kommunen skal sikre at kontrollen til enhver tid er rettet mot de forhold som synes hensiktsmessige etter en vurdering av de lokale forhold.

**§ 9-5.** Kontrollen av salgs- og skjenkeder kan foregå åpent eller anonymt. Etter utført kontroll skal kontrolløren alltid presentere seg for stedets ansvarshavende og muntlig redegjøre for sitt inntrykk av stedet.

**§ 9-6.** Skriftlig rapport sendes snarest mulig - og innen en uke - til salgs- eller skjenkestedet med adgang for bevillingshaveren til å uttale seg innen to uker.

*Rapportene sendes bevillingsmyndigheten. Rapporter fra steder med statlig bevilling skalsendes via kommunal bevillingsmyndighet. Salgs- eller skjenkestedets uttalelse til rapporten skal følge med.  
§ 9-8. Innenfor rammen av denne forskriften kan kommunen fastsette nærmere retningslinjer for utøvelsen av kontrollen med salgs- og skjenkestedene»*

Den 25.11.2015 mottok Radøy kommune skjenkekонтроллорane sin rapport etter tilsyn på arrangement i Hordabøhallen 21.11.2015. Rapporten er underteikna av løyveinnehavar og kontrollør, og syner at kontrollen omfatta områda som er uttalt eksplisitt i §9-4 frå forskriftena. Rapporten syner brot på **Alkoholforskrifta kap. 4 Særleg om skjenking** på følgande punkt:

*§ 4-1. Personer som er åpenbart påvirket av rusmidler må ikke gis adgang til skjenkestedet. Dersom en person som er åpenbart påvirket av rusmidler befinner seg på skjenkestedet, har bevilingshaver plikt til å sørge for at vedkommende forlater stedet. Bevillingshaver har plikt til å sørge for at personer som trenger det, får nødvendig bistand.*

Det var openbart berusa personar i skjenkelokalet, og i merknad 1 i rapporten kan me lesa at fleire av desse også fekk servering i baren.

*§ 4-2. Det må ikke skjenkes alkoholholdig drikk til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller skjenkes på en slik måte at vedkommende må antas å bli åpenbart påvirket. Sitter flere personer sammen og en eller flere av dem er åpenbart påvirket av rusmidler, må det ikke serveres alkoholholdig drikk til noen av dem før den eller de påvirkede er fjernet*

I tillegg kan me lesa i merknad 2 at fleire hadde medbrakt alkohol i skjenkelokalet.

*§ 4-4. Det må påses at gjestene ikke nyter medbrakt alkoholholdig drikk, eller medtar alkoholholdig drikk når de forlater skjenkestedet.*

I merknad 3 kjem det fram at ein person ikkje kunne framvisa legitimasjon på alderen. Vedkomande hadde drukket alkohol.

*§ 4-3. Det må påses at personer som ikke fyller alderskravene i alkoholloven § 1-5 ikke drikker alkohol som skjenkes andre gjester.*

Det vart sendt brev til løyvehavar (Hordabø IL) og til skjenkekонтроллорен med spørsmål om dei ynskja å utdjupa rapporten. Hordabø IL nytta seg av dette, og sendte utdjupande kommentarar på dei tre punkta over. Brevet er vedlagt, og vert difor berre referert i korte trekk her.

Til merknad 1 vil dei utdjupe at serveringspersonalet også nekta personar å kjøpa med årsak i dei var openbart rusa, og at dei prøver å vurdera etter beste evne når folk står framfor baren.

Til merknad 2 syner dei til at vaktane får *stengt beskjed* om at ingen må ha med seg alkoholholdig drikke inn, men at det denne kvelden var kaldt og folk var så godt påkledd at det kompliserte kontrollen.

Til merknad 3 utdjunpar dei situasjonen der ein person ikkje kunne syna fram legitimasjon. Personen vart bortvist frå området.

Det er også lagt ved ein kommentar til slutt der dei både legg vekt på at det kan vera vanskeleg å raskt oppdaga brot på alkohollova på så store arrangement og at dei tek rapporten på alvor og vil forbetra seg.

Etter vurdering av rådmannen vert saka lagt fram som meldingssak politisk handsaming. Ansvarsfordelinga mellom administrasjon og politisk er fastsett i Ruspolitiske handlingsplan for Radøy kommune:

- *Godkjenne skifte av løyvehavar i løyveperioden, jf. alkohollova § 1-4b*
- *Godkjenne ny styrar og vikar for styrar i løyveperioden, jf. alkohollova § 1-7c*
- *Tildeling av løyve for eit enkelt høve, jf. alkohollova § 1-6*
- *Tildeling av ambulerande skjenkeløyve, jf. alkohollova § 4-5*
- *Utviding av skjenketida for eit enkelt høve, jf. alkohollova § 4-4*
- *Utviding og flytting av skjenkelokalet for eit enkelt høve, jf. alkohollova § 4-2*
- *Utskriving av gebyr for sals- og skjenkeløyve etter alkohollova*

Brot på alkohollova vert vurdert til å vera utanfor administrasjonen sitt ansvarsområde, og som vist over er Formannskapet kontrollutval etter alkohollova.

Dersom dette hadde vore eit permanent sal- eller skjenkeløyve ville ein kunna stilla krav om internkontroll etter § 8-1 i **Alkoholforskrifta**.

Radøy kommune kan likevel velja å stilla strengare krav til eigenkontroll, opplæring, vakthald osb. ved neste tildeling.